



Fredag ettermiddag klokka 14 får Uskedalen eit nytt og spennande mat-tilbod. Då opnar Porntip Pomngern matvogna PoonTips Thai take away ved Gamleskulen og fristar med 16 thairettar - frå vårrullar til skaldyrkomposisjon.

Porntip har saman med gode støttespelarar gjort grundige førebuingar til satsinga i Uskedalen og ber oss formidla ein takk til dei: Venninna Enicar Risnes, sambuar Ivar Nesse og Jan Erik Olsson.

Den siste har vore ein i dobbel meining kontaktperson i Uskedal Utvikling og Porntip kan ikkje få fullrost han for hjelp og støtte med tilkopling av vatn og straum. Resultatet av førebuingane er innbydande: Ingen skulle tru at vogna er den som før sto i Dimmelsvik, alt verkar nytt både inne og ute.

Kven er så Porntip? Ho er frå byen Nakhonsanan som ligg 3 timars reise nordover frå Bangkok. No har ho vore i Noreg i 23 år og bur på Sunde. Ho har alltid vore glad i å lage mat og har vore heime i Thailand for å gjera seg enda meir kvalifisert.

På spørsmålet om kvifor ho satsar på Uskedalen er svaret heilt enkelt at ho likar seg så godt her. No kan i alle fall kvinnheringane ikkje klage på Thaitilbodet, for frå før er det ei slik vogn på Husnes og det kjem ei også i Rosendal. Så får vi sjå kva for ei som er den mest populære..

Må ein vente lenge på maten ved Gamleskulen? Porntip lovar å klare det på eit kvarter sjølv for den

retten som tek lengst tid. Men så er det også den dyraste.
99 og 248 kroner er forresten ytterpunkta..

Porntip er full av optimisme foran opninga. Og kanskje vil
lykkebuddhaen som står inne i vogna også vera
ein støttespelar?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen